

Ny norsk språkhistorie 3

Brev til medarbeidarane, mai 2012

Retningslinjer for manus

Retningslinjene for manus har nå fått inn noen nye moment under overskriften *Eksempler*. Der er det tatt med en påminnelse om at forfatterne bør prøve å variere hva slags teksteksempler som brukes, ved at ulike skrivere (kvinnelige, mannlige, ulik sosial bakgrunn osv) blir representert. (Retningslinjene ligger altså på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>)

Referansar i ei vitenskapleg språkhistorie

Vi har som ambisjon for den nye språkhistoria vår m.a. at ho skal vere vitenskapleg. Det set sjølvstarkt strenge krav til mangt. Det eine er korleis vi refererer til annan litteratur. Reint teknisk har vi lagt oss på *Maal og Minne*-standarden. Men fagleg bør vi også stille det kravet at vi ikkje brukar andrehandsreferansar så lenge det er muleg å unngå det. Vi sjekkar altså mot originalpublikasjonar. Dessutan bør vi vise til første staden der ein påstand, ein teori, ei ny innsikt eller eit funn er beskrive. Ein må altså vere observant på at handbøker og lærebøker ofte er «andrehands» (men ikkje alltid) og refererer andre sine funn og drøftingar – somtid utan referanse. Her skal altså idéalet vårt vere å formidle kven som først kom med funna og tankane, slik at framstillinga òg er prega av faghistorisk oversikt.

Når det gjeld referansar til primærkjelder, er det òg eit ideal at mest muleg er sjekka og kontrollert. Men kvar spesialist må avgjere kor langt han/ho skal gå, for det må ymse noko etter emne. Dette er nok eit problem mest for dei eldste periodane. Sjølve måten å vise til primærkjeldene på (etttersom ikkje alle er utgitte publikasjonar) er det vanskeleg å gi ei enkel og autoritativ oppskrift på no. Vi ber derfor om at dette spørsmålet blir tatt opp til drøfting mellom forfatarane på manusseminara.

Fagseminar 29.–30. november 2012

Fagseminaret vårt i 2012 blir i Bergen 29.–30. november, og programmet er no klart. Vi begynner torsdagen 29. kl. 10.30 og reknar med at det kan var til kl. 18 fredagen. Innleiarar og innlegg er slik:

Torsdag 29.11.12:

Helge Omdal (UiA): Talemålsforskaren Amund B. Larsen

Helge Sandøy (UiB): Forestillingane om dialektar og språkendingar etter 1800

Tor Erik Jenstad (NTNU): Ordforrådet i endring

Halvard Skiri (SSB): Geografisk folkesamansetning i Norge i tida 1800-2000
Sverre Stausland Johnsen (UiO): Austlandsk språkutvikling
Arne Torp (UiO): Sørlandsk gjennom 200 år
Gunnstein Akselberg (UiB): Vestlandsk språkutvikling siste to hundreåra
Stian Hårstad (HiST): Trøndersk etter 1800

Fredag 30.11.2012

Tove Bull (UiT): Nordnorsk i 200 år
Frans Gregersen (KU): Dansk talemål etter 1800. Hovudlinjer i utviklinga.
Jenny Nilsson (GU): Svensk talemål etter 1800. Hovudlinjer i utviklinga.
Agnete Nesse (UiB): Bruk av dialekt og standardtalemål i offentligheten
Ernst Håkon Jahr (UiA): Utviklinga av talt riksmål og høgare talemål i Norge
Edit Bugge (UiB): Tendensane i dei norske bymåla (unntatt Oslo)
Anne Mette Johnsen (UiT): Når norsken tar over i samebygdene
Janne Bondi Johannessen (UiO): Utviklinga av Oslo-dialekten
Randi Neteland (UiB): Språkendingane når ein utviklar nye industristadar

Planar for manusseminara framover

Manusseminar bind 1 i mai 2013

De av dere som skal skrive kapittel eller deler av kapittel i bind 1, kan sette av 23.–24. mai 2013 til en bergensstur. På samme måte som manusseminarene for bind 2 (november 2011 i Tromsø) og bind 3 (desember 2011 i Trondheim) blir opplegget slik at dere i god tid i forveien (1. april) sender et utkast på 15–20 sider til bindredaktør Agnete, som så distribuerer tekstene til alle forfatterne i bindet. På seminaret går vi så gjennom kapittel for kapittel i fellesskap. Dere vil få ny påminnelse og mer detaljert informasjon til høsten, men merk datoene allerede nå. Hilsen Agnete.

Manusseminar for bind 2: 1.–2. desember

Forfattarane i bind 2 samlar seg i Bergen helga etter det store seminaret, dvs. 1.-2. desember. Dette er andre manusseminaret, og vi skal no ha klar førsteversjonen av alle kapitla. Forfattarane leverer inn *manus til bindredaktøren innan utgangen av september*, og så blir dei distribuert til alle slik at vi kan få lese og kommentere grundig under seminaret. Helsing Helge.

Manusseminar bind 3: 26–27. november

Brit melder om at bind 3 har manusseminar (mest truleg i Oslo) 26.–27. november.

Manusseminar bind 4.: 29.–30. oktober.

Tove har fastlagt at manusseminaret for bind 4 blir 29.–30. oktober. Varsel om stad kjem seinare.

Tittel på verket og på bindene

Hittil har vi brukt betegnelsen «Ny norsk språkhistorie» om prosjektet vårt, men Helge og Agnete foreslår at tittelen på selve verket blir *Norsk språkhistorie*. Siden dette skal være et referanseverk både for de som er innenfor, og de som er utenfor det språkviteskapelige fagmiljøet, mener vi en slik enkel og selvfølgelig tittel er det tydeligste og derfor det beste. Det finnes allerede *Norsk språkhistorie*, for eksempel Vemund Skards verk fra 1960-tallet, men vi mener at det ikke innebærer noe stort problem.

Når det gjelder de fire bindene, så må også de ha egne titler. Hittil har vi operert med følgende:

- 1: Norsk språkhistorie – kronologisk oversyn
- 2: Struktur og variasjon
- 3: Språk i bruk
- 4: Språkideologi

Det er ikke gitt at dette er de beste titlene for de ulike bindene. Her har vi foreløpig ingen gode endringsforslag, men håper at dere kan tenke på det og sende oss forslag. Det bør helst være en viss innbyrdes sammenheng mellom titlene.

Dessuten ber vi dere tenke over mulige illustrasjoner til tekstene deres. Språk er ikke det letteste i verden å illustrere, så også her gjelder det å tenke kreativt. For eksempel kan det være mulig å finne illustrasjoner som passer sammen med teksteksemplene en bruker. (Altså: Noter idéer til illustrasjoner nå – en gang seinere i prosessen blir det spurt om slikt.)

Språkhistorisk nettverk

Det har vært et uttalt ønske at vår nye språkhistorie også skal være orientert utover Norges grenser, for eksempel ved at de endringene vi finner i vårt eget språk, blir sammenlignet med tilsvarende prosesser i andre språksamfunn. Nettverket Hison (Historical Sociolinguistics Network) kan i den sammenheng være et interessant bekjentskap. Nettverket har siden det ble opprettet i 2005 arrangert konferanser og sommerskoler der ulike språkhistoriske problemstillinger har blitt diskutert. Konferansene, som har resultert i fyldige konferanse-rapporter, har hatt tema som purisme, språkhistorie ‘nedenfra’, og forholdet mellom språk-historie og historie. Ta en titt på nettsiden, som gir videre informasjon:

<http://www.philhist.uni-augsburg.de/hison/>

Bøker

Tore med ny historie

Tore Janson gav oss fundamentalt nye innsikter med boka si *Språken och historien* (1997). Den boka blei omsett til norsk for nokre år sia, og no har Tore omarbeidd ho til engelsk: *The History of Languages. An introduction* (Oxford Textbooks in Linguistics), 2012. Denne versjonen er sjølvsagt tilpassa engelskorienterte slik at den germanske historia endar ikkje med svensk lenger. Men her er òg komme til anna nytt stoff. Ei viktig bok!

Norsk språkhistorie i eldre nynorsk tid (1525–1814). Minneskrift for Kjartan Ottosson. (Red. Helge Sandøy og Ernst Håkon Jahr.) Boka kom på Novus i 2011, og ho byggjer på innleiingane som blei lagt fram på seminaret vårt (dvs. i regi av språkhistorieprosjektet) i oktober 2010. Kjartan planla dette seminaret.

Endre Mørck: *Leddstillinga i mellomnorske heilsetninger. Funksjons- og feltanalyse og materialpresentasjon.* Endeleg har vi fått ei grundig tilnærming til den syntaktiske «missing link» basert på eit stort, men vanskeleg kjeldemateriale. Boka kom på Novus før 2011 gjekk over i historia.

Handbook of Historical Sociolinguistics (2012), redigert av Juan Manuel Hernández-Campoy og Juan Camilo Conde-Silvestre. Denne håndboken er blant annet ment å fungere som en brobygger mellom den eldre historiske lingvistikken og den moderne sosiolingvistikken. De 35 artiklene dekker et vidt spekter innenfor språkhistorie, slik som forholdet mellom språk og sosiodemografiske variabler, språkholdninger, språkkontakt, dialektologi, og variasjon og endring. I tillegg er det fyldige artikler om teori og metoder.

NB:

Tidlegare brev til medarbeidarane ligg på <http://folk.uib.no/hnohs/NNS/>